

BERGE LANDSKAPSVERN- OMRÅDE

Alt tidleg i 1970-åra vart det klart at det knytte seg store interesser til vern og sikring av oppgangssaga og sjøbruksmiljøet i Stekka. I samband med oppretting av landskapsvernområdet kring Bergevatnet med den gamle eikeskogen ovanfor Stekka – ein skog som har gjeve materialar til jektebygginga – har også oppgangssaga fått sitt formelle vern. Her ligg det såleis eit sjeldsynt komplett historisk miljø, både når det gjeld sagbruk og sjøbruk.

I samband med Arkitekturvernåret 1975 vart det sett i gang arbeid med restaurering av oppgangssaga og rekonstruksjon/gjenoppbygging av forfalne naust, i nært samarbeid med grunneigarane og lokale krefter i bygda. Desse arbeida vart finansierte av Riksantikvaren, Norsk Kulturråd og Hordaland fylkeskommune.

Oppgangssaga vart først sett i stand, både saghus, slok og vasshjul. Deretter vart eit lafta naust frå 1793 tilhøyrande garden Hallaråker bygd opp att i opphavleg form og storleik, med høge grunnmurar og villheller på taket. Eit grindbygd naust til garden Tufsten vart restaurert i 1982. Nokre av dei andre nausta er truleg svært gamle, eitt av dei er nemnd i 1691 og eit anna kan vera bygt tidleg på 1600-talet. Her er også synlege tuffer etter fleire eldre naust, og planen er å få sjøbruksmiljøet i Stekka så komplett som råd er.

RØYSAR LANGS FJORDEN

Langs Hardangerfjorden finst ei mengd gravrøysar av eit særmerkt slag. Dei er bygde av stein og vantar heilt jordfyll. Somme kan vera fleire meter høge og over 20 m i tverrmål. Ofte ligg dei på framskotne, høge knausar, tett ved fjorden, og verkar dominerande i landskapet, særleg sett frå sjøsida. Dei er fjordlandskapet sin parallell til kystrøysane, som der ute pregar landskapet langs leia (①172, ①173).



På den 15 km lange strekninga frå Ljones til Eidesvågen har det vore minst 25 stykke. Mange av dei finst framleis. Nokre av dei største ligg på VIKINGNES, soraust for Ljonesvågen. Få funn er kjende frå fjordrøysane, men ved granskning av eit par stykke ved Straumasteinen, under Eide, vart det gjort funn frå yngre bronsealder. Andre har gjeve funn frå jernalderen.

OPPGANGSSAGENE I TØRVIKBYGD

Nede ved fjorden, på garden Berge i Tørvikbygd, ligg STEKKAVIKA – ei lun, austvendt bamn, skjerna mot fjorden med nes og bolmar, slik sjølve namnet fortel om. Her finn vi eit innbaldsrikt sjøbruksmiljø, med naust og sjøbus som høyrer til gardane Berge, Heradstveit og Halleråker. Til garden Berge høyrer også kvernbus, sirkelsag, verv for jektebygging og – litt oppe i skogen – den gamle, vassdrivne oppgangssaga.

Oppgangssaga i Stekka er ei av dei få sagene som er att av den einblada typen. Saga vart bygd i 1823, men det har stått sager i Tørvikbygd lenge før dette. I skattemanntalet for 1603 finn vi desse sagene nemnde: DRAGE sag, som har skore 150 bord og plankar, og AUGASTAD sag, som «ligger slett øde». Augastadsaga har truleg stått ved det same vassfallet som den noverande saga i Grindfossen, omlag 20 minuttars gange opp i utmarka frå Augastad. Etter at denne saga kom ut or drift i 1950-åra, er det berre oppgangssaga i Stekka, høyrande til dei to bruka på Berge, som har vore halden i hevd.

Då oppgangssagene kom i bruk på 1500-talet, revolusjonerte dei mellomalderens måte å øksa til plankar og bord av tømmerstokkane. Kvar tømmerstokk vart kløyvd og kunne såleis berre gje to bord; «tiler». Med dei nye sagene kunne det skjerast mange bord av ein stokk. Tørvikbygd har frå gammalt av vore rik på furu- og eikeskog, så det er naturleg at sagene har vore lenge i bruk her. □



FUNKSJON OG TEKNIKK

Stekkasaga kan kallast halvautomatisk, og konstruksjonen er sinnrik. Sagramma er fest til «korlestonga» som overfører krafta frå underfallshjulet. Rett bak saggrinda ligg kambahjulet. Ein kjetting som ligg nokre gonger rundt kambahjulet, er festa til «vagnen». Frå toppen av sagramma går hevstanga, festa i nikkevalsen, slik at skuvstanga skeyv fram kvar gong sagramma er oppe, og dreg stokken fram eit hakk, mot sagbladet.

OPPGANGSSAGA OG BÅTBYGGJARANE I STEKKA

Oppgangssaga skjer bord i full breidd av tømmerstokkane, utan kantskjerjing. Difor er denne sagtypen velegna til å skjera breie bord til båtbyggjarane, og det er ein av grunnane til at oppgangssaga har halde seg så lenge i bruk i fjordbygdene (①384). Her har det vore båtbyggjarar i mange naust langs fjorden – ei god attåtnering for mange gardar. I Stekka har det vore bygt båtar og jekter gjennom mange generasjonar, og denne verksemda har vart ved heilt opp til siste krig, gjennom STEKKA SKIBSBYGGJER A/S. Risseskuret, der dei rissa og skar spant, står framleis i Stekka.

